

Fra: amarho@broadpark.no
Sendt: onsdag 9. august 2023 16:08
Til: Post Austrheim
Emne: Parkeringsplassar ved Mastrevik Torg merka «Parkering for tilsette Austrheim kommune»

I den seinare tid er det utanfor Mastrevik Torg observert ei storslått skilting av parkeringsplassar merka «Parkering for tilsette Austrheim kommune», bortimot 50 oppmerka plassar.

Kommunen har ved ymse høve tidlegare signalisert at tilsette i kommunen er tildelt parkeringsplassar utanfor brannstasjonen. Ved nærare ettersyn ser også dette ut til å vera bortimot 50 oppmerka plassar.

Når me då observerer at parkeringsplassane utanfor brannstasjonen ikkje er i bruk verkar denne saka merkeleg.

Det ein kan lura på er om det står så dårleg til med tilsette i kommunen at dei no må ha parkeringsplassar rett utanfor døra til kommunehuset. Kva då med brukarar av fysioterapi og andre som kan ha behov for akkurat desse parkeringsplassane som er i nærleik av eksempelvis inngangspartiet ved minibanken?

Eg tenkjer det gir eit rårleg signal og er rårflott av kommunen å legge beslag på bortimot 50 parkeringsplassar ved Mastrevik Torg når tilsvarande plassar er ledig ved brannstasjonen.

Der skal også nemnast at det på folkemunne vert fortalt at Mastrevik Torg har tildelt kommunen desse parkeringsplassane som motyting for vedlikehald ved/på bygget Mastrevik Torg. Dersom så er tilfelle kan det reisast spørsmål om det er ei kommunal oppgåve å utføre denne type arbeid med innbyggjarane sine skatte kroner.

Det vert oppmoda til at kommunen tek ei revurdering i saka, der oppmerka områder med skilting «Parkering for tilsette Austrheim kommune» vert flytta frå Mastrevik Torg og heller nytta til oppmerking ved brannstasjonen.

Imøteser tilbakemelding i ei sak som vert oppfatta som ei uønska hending og feilprioritering av kommunen.

Mvh

Ann-Norunn Marholm
(innbyggjar i Austrheim kommune)